

Hordaland Fylkeskommune
Samferdsleavdelinga.

Søknad om tilskot Breistein-Valestrand.

Konsekvens av rushtidsavgift og gratis bru.

Osterøy Ferjeselskap AS ser no at trafikknedgongen etter innføring av rushtidsavgift saman med gratis bru, redusera inntektene på drifta av sambandet Breistein-Valestrand så mykje at selskapet ikkje kan klara seg utan støtte.

Etter gratis bru 15Juni 2015 gjekk inntektene ned med 3% til og med Desember 2015. Etter at Bergen innførte rushtidsavgifta har det forverra situasjonen med ytterligere 12%. 15% reduksjon er for mykje til at selskapet kan klara det!

Skal sambandet vera i drift, må det sikrast økonomisk. Det kan løysast med at sambandet kjem inn under HFK sitt ansvarsområde, og såleis vera med i neste anbudsrunde. Viser til møtet 11.sept. 2015 i Regionrådet for Nordhordland. Der vart sambandet teke med i saksframlegget.

Ca.60 % av kollektivtrafikken til/frå Osterøy går med ferja, og det er korrespondanse på Breistein på alle avgangar (kvar 1/2 time).

Drifta framover kan sikrast med eit tilskot som dekker tapt trafikkinntekter og nødvendig vedlikehald inntil det er vedteke noko om oppretthalding av ferjesambandet.

Osterøy Ferjeselskap er innstilt på å fortsetja med å gjera sitt beste for dei reisande og utviklinga vidare i Osterøy og nabokommunane.

Utan ferjesambandet vert det mykje vanskeligare å reisa kollektivt, då alle må om Indre Arna. Det er heller ikkje nemnt nokon stad at sambandet kan avlasta E16 når Arnanipatunnellen er stengt, eller det er andre hindringar på strekninga!


Etter innføring av rushtidsavgift i Bergen, har trafikken gjennom Arnanipatunnellen og Grimesvingane økt betydelig. Om ikkje sambandet sikrast må over 500 bilar slusast same vegen mellom kl 0600 og 2000 kvardagar.

Med tanke på alle fordelar det er med ferjesambandet, søker Osterøy Ferjeselskap AS om kr. 1.440.000 i driftsstøtte frå 1.juli og ut året 2016.

Til samanlikning fraktar hurtigbåten til Nordhordland 80.000 passasjerar og får ca.10 mill.i støtte for året. OFS frakta i 2015 ca. 180 000 bilar og 220 000 passasjerar utan støtte og har gjort det sidan 1.mai 2004! Dagens ruteløyve går ut 30.04.2024.

Vi vonar at denne søknaden vert sett på med velvilje!

Med venleg helsing


Leiv-Magne Skaar
Daglig Leder OFS


Oddvin Håland
Styreleiar